



Til grunneigarar
innanfor varsla plangrense
Fv. 57 Lindås-Mongstad, Lindås kommune

Dato: 03.07.2017
Vår ref.: 2015/482-15
Saksbehandlar: anjsetr
Dykkar ref.:

Grunneigarvarsel - Arkeologisk registrering i samband med planarbeid for Fv 57 Lindås tettsted - Mongstad, Lindås kommune

Vi viser til brev med varsel om oppstart av planarbeid for Fv. 57 Lindås tettsted, Mongstad, Lindås kommune datert 13.01.2015 og brev med melding om utviding av plangrense datert 10.02.2017. I samband med planarbeidet er det naudsynt å gjennomføre arkeologisk registrering i planområdet med heimel i § 9 i kulturminnelova.

Dette brevet er sendt alle grunneigarar innanfor planområdet, ikkje alle vil verte direkte råka av våre undersøkingar. Vi ber om at grunneigar orienterer eventuelle andre brukarar av areal innanfor planområdet.

Den arkeologiske registreringa vil bli delt opp i to periodar. Arkeologar frå Hordaland fylkeskommune vil gjennomføre feltarbeid i planområdet i perioden 03.-07.07.2017 og i perioden 18.09.-02.10.2017.

Undersøkingane i perioden 03.-07.07.2017 vil gå føre seg ved overflatesøk og prøvestikking med spade. Prøvestikka er vanlegvis om lag 40x40 cm, og blir fylt igjen innan feltarbeidet er avslutta.

Undersøkingane 18.09.-02.10.2017 vil gå føre seg ved overflatesøk og prøvestikking med spade og sjakting med gravemaskin. Prøvestikka er vanlegvis om lag 40x40 cm, og blir fylt igjen innan feltarbeidet er avslutta. Dyrka mark, eventuelt tilgjengeleg beitemark, blir vanlegvis undersøkt ved å grave sjakter med gravemaskin. Ved maskinell sjakting blir matjord og eventuell annan masse avdekka ned til undergrunnen. Sjaktene er vanlegvis 3-4 m breie, lengda vil variere med topografi, funntilhøve, moderne inngrep i grunnen m.m. Tjukkuleiken på overdekkande massar vil vere bestemme kor djupe sjaktene vil bli, som regel frå 25 cm og opptil 2-3 m. Sjaktene vil bli lagt igjen ved avslutta registrering.

Tiltakshavar, Statens vegvesen, er erstatningspliktig for eventuelle avlingstap eller ulemper som følgje av undersøkingane.

Dersom ein har spørsmål eller merknader til ovannemnde, er ein velkommen til å ta kontakt med Hordaland fylkeskommune, Kultur- og idrettsavdelinga v/Anja N. Sætre på 55 23 99 98 eller anja.nordvik.saetre@hfk.no.

David J. Aasen Sandved
kst. fylkeskonservator

Anja Nordvik Sætre
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.